



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Jostein Hauge	404 66 211
Organist Lyder Minde Janøy	930 52 962
Kyrkjetenar Gry Haukeland	400 47 718
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	416 62 610
Trusopplærar	
Amelie K. Storebø	483 57 027

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord,

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Søndag 01.feb kl. 12.00
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse

Søndag 15.feb kl. 12.00
Familiegudsteneste med knøttekoret

Onsdag 25.feb kl. 11.00
Bygdatreff

Fredag 06.mars kl. 18.00
Gudsteneste for alle

Søndag 08.mars kl. 17.00
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse



**ANNONSE I
KYRKJEBAKKEN?**

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!



Skal rettferd ein gong sigra?

Det er vanskeleg å forbetre verda. Ikkje før har forsøket gitt resultat ein stad, før eit verre problem oppstår ein annan. Jamnt erfarer vi det.

Vi kan undrast om den vonde energi i tilveret er konstant, slik at det vonde eigentleg ikkje blir mindre, men berre tar nye former og dukkar opp andre stader. Du har opplevd korleis det er å rette ut ein bunk i ballen som har altfor lite luft. Lukkast du å få bunken ut, oppdagar du at ein ny har danna seg attmed.

Greier vi verkeleg å bringa verda framover? Det er ikkje enkelt når menneske ikkje greier semjast om kva som er problemet, - når vi ikkje ein gong er einige om kor grensene mellom godt og vondt går. Syner ikkje debattane våre støtt det?

Men vi kan ikkje gje opp, ikkje miste håpet. Det er fårleg å gje seg pessimisme i vold. Kampen for rettferd, sanning og menneskeverd er Guds kamp. Kampen mot ondskap er å stille seg på Guds side. Guds ord oppfordrar oss støtt til å velja side og bli Guds medarbeidarar. Stundom lukkast vi, stundom ikkje. Men målet bør aldri stå tvil om.

Skal rettferd ein gong sigra? Ja! Slik er det kristne håpet. Det er ikkje grunngeve i menneskeleg tru på eigne framsteg, men i

overtydning om at makta tilhøyrrer Gud, og at han til sist tek endeleg oppgjør med kreftene som forringar og øydelegg menneskeliv og skaparverk.

Dommens dag er dagen då det vonde og gode som er så uoversikleg blanda, skal skiljast, endeleg, definitivt. Under okkupasjon måtte folk ta side. Dei fleste valde heldigvis rett; let seg ikkje forvirra av fiendens propaganda eller skremma av hans truslar. For desse vart kongens heimkomst ein ubeskriveleg gledens dag og inngangen til ei ny framtid.

Når kjem dagen Gud opprettar sitt rike med rett og rettferd, der sanning og kjærleik rår? Ingen utan Gud kjenner tidspunktet. Det blir ein gledens dag for alle menneske av god vilje, som har elska lyset og tatt Guds side i kampen mot mørkekraftene.

"Kom, konge, kom i morgenglans og gjør en ende bratt på jordens mørke, tenn en dag som aldri mer blir natt!"

Kom herlig med den lyse dag som klart er forutsagt, da retten har alt råderom og sannheten all makt"
(NOS 15)

**Stein Hugo Fykse
spr**

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no



– Å gje noko til andre gjev like
mykje tilbake, om ikkje meir.

Ove, frivillig i Kirkens SOS i 25 år.



Nye innføringskurs
startar i september.

Bli frivillig på chat og telefon – og gjer ein forskjell!

Les meir her: kirkens.sos.no/frivillig





Austrheim sokn

Gravlagde

09.12.25	Tormund Reidar Nesse	f.1945
12.12.25	Eivind German Langøy	f.1941
06.01.26	Jan Arve Sævrøy	f.1953
16.01.26	Kjell Hopen	f.1937
20.01.26	Edmund Ingvar Synnevåg	f.1944



Hjertlig takk

diakoninemda for flott helsing på min 90 års dag.

Helsing Idar Kaland

Takk

til diakoninemnda for oppmerksomheten på dagen min. Takk til Britt som kom med den.

Helsing Kåre Øksnes

Takk

til diakoninemnda for hyggeleg helsing til min 89 års dag 10 november! Ekstra takk til den alltid blid og smilande Bodil som kom med hjartesjokoladen!

Beste helsing Jan Foss

Tusen takk

til saniteten for fin julestjerne.

Helsing Vally Nordbø

Takk

Tusen takk til diakoninemnda for besøk på dagen min.

Helsing Jan Nordbø

Ei varm takk

for alle helsingar, nydelige blomar og deltagelse ved vår kjære Eivind Langøy sin bortgang og begravelse.

Takk til Kjell og Lyder for den fine musikken og til Vatne Begravelsesbyrå ved Rune, som alle gjorde at det blei ein fin og minneverdig seremoni. Takk også til personalet ved Nordlia der dei alle møtte Eivind med varme og verdighet, god pleie og omsorg.

Helsing Rigmor, Anita, Pål og Tove m/familiar



Lysmessa

Laurdag før 1.søndag i advent samla konfirmantane i Austrheim seg til den årlege lysmessa – ei stemningsfull og etterlengta markering som for mange er starten på adventstida. Kyrkja var varm og dempa i ljøs, og den høgtidlege atmosfæren vart skapt i fellesskap mellom ungdomane, dei tilsette og eit engasjert frivilligteam.

Som tradisjonen er, deltok konfirmantane aktivt gjennom heile gudstenesta. Dei las bibeltekstar, tende lys og framførte dramastykke. Dei formidla både adventsbodskapet og forventninga som pregar tida fram mot

jul. Lysmessa er resultatet av eit godt samarbeid mellom mange.

Trusopplærar **Amelie** har saman med konfirmantane hatt ansvaret for førebuingane og regien, medan **sokneprest Stein Hugo** leia gudstenesta. **Organist Lyder** sørgde for vakker musikk som bandt heile liturgien saman, og frivillige hjelpte til med alt frå praktiske førebuingar til å skapa ei god ramme rundt arrangementet.

Adventstida handlar om å vente – og om å la lyset få plass. Lysmessa i Austrheim kyrkje



NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

DØGNVAKT: 56 37 14 10

Begravelsesbyrået med hjerte for distriktet
og omsut for kvar einskild familie.

Alver—Austrheim—Bergen—Fedje—Gulen—Masfjorden—Modalen
www.nordh-bb.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



SKARSVÅG
Rør og Interiør as



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto

vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

**Frist
innlevering:**

13. februar
13. mars

**Kyrkjebakken
kjem ut:**

25. februar
25. mars



SENIORSLØYD

på Løeloftet

5. 12. 19. og 26 februar 2026
kl. 13 – 15

*-lag noko nytt og nyttig –
-reparer noko gammalt som du ynskjer ta
vare på-*

**DREIING- SPIKKING- SVEIPING –
FLETING- TRESHJERING- FRESING**

Meld deg på til 913 79 306 Mathias Sætre
Gratis

Årås sanitetsforening og Vesttun gard



Norske Kvinners
Sanitetsforening

ÅRÅS Sanitetsforening

onsdag 11. februar 2026
kl. 18

Årsmøtesaker - Val
Saker til Årsmøtet må sendast
innan 1. februar

Etter årsmøtet vert det
medlemsmøte og servering

Leiar Reidun Vallestad
Tlf 92841466

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 8.febr.11:00 Søndagsmøte Odd Sverre Hove talar. Nattverd.

Ønskekonserten 26.jan. 17:00 Allsong fra songboka.

Ønskekonserten 16.febr. 17:00 Allsong fra songboka.

Søndag 22.febr. 11:00 Søndagsmøte v/Israelsmisjonen. Paul Eknes talar.

Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

Min Salme



Å få spørsmål om å skrive nokre ord til Kyrkjebakken om Min Salme gav meg mange tankar. Eg vart både glad og synest det er vanskeleg å berre velja éin salme. Det finst så mange fine salmar der ute, men eg landa på «Nordnorsk julesalme».

Den nordnorske julesalmen rører meg sterkt fordi han speglar både landsdelen og kommunen me bur i. Bileta av mørketid, stormar og karrige forhold kan lett setjast opp mot kvardagen her, der naturen og omstenda ofte set oss på prøve. Samstundes handlar salmen ikkje berre om motstand, men om å stå i stormane og la dei forme oss, utan å miste det som ber oss. Trua – anten ho er religiøs, menneskeleg eller knytt til fellesskap – blir eit anker som gir håp og retning, sjølv når det er som mørkast. Melodien byggjer dette budskapet på ein fin og roleg måte, der han gradvis løftar teksten og gir rom for ettertanke. Når Oslo Gospel Choir syng salmen, blir både alvor og håpet forsterka, og fellesskapskjensla i musikken gjer budskapet endå sterkare.

Takk for at eg fekk denne tilliten.
Renée H. Semmingsen

Velsigna du dag over fjordan,
velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan
om håp og ei utstrakt hand.
Verg dette lille du gav oss,
den dagen du fløtta oss hit,
så vi kjenne du aldri vil la oss
forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa,
men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visselig sanna:
vi e hardhauva vi som Du.
Nu har vi den hardaste ria,
vi slit med å kare oss frem
mot lyset og adventsti'a,
d'e langt sør tel Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen,
la det gro der vi bygge og bor!
Guds fred over dyran på båsen
og ei frossen og karrig jord!
Du ser oss i mørketidslandet.
Du signe med evige ord
husan og fjellet og vannet
og folket som leve her nord.



Engasjerande bygdatreff med spennande lokalhistorie og god førjulstemning

Siste onsdagen i månaden samla kring 70 deltakarar seg til bygdatreff på kyrkjelydshuset. Denne gongen stod lokal historie i fokus, og interessa var stor. I to bolkar fekk me høyra **Ivar Bergsvik** og **Olav Mongstad** fortelja om livet og arbeidet til **Kornelius Bergsvik (1889–1975)**. Han var ein markant samfunnsbyggjar og politiker, og både Ivar og Olav formidla kunnskap, anekdotar og bakgrunnsstoff på ein måte som engasjerte forsamlinga. Etter foredrag skjedde det noko ingen visste om på førehand: Ein kar kom bort og presenterte seg som **Knut Bergsvik**, barnebarnet til Kornelius – og arkeolog av yrke. Han hadde fått høyre at bestefaren skulle vera tema på bygdatreffet, og møtte opp for å høyra sjølv. Rune som pleier å leie samlinga var vekke denne gongen, men Svanhild steppa inn og gjorde ein god jobb. Jan skapte ekstra god julestemning med nisselua si, og organist Lyder sørge saman men han for flott song og musikk. Som alltid

vart det tid til mat og prat etter programmet. Denne gongen var det ekstra julekos med gode, gode julebrød, noko som slo godt an blant dei frammøtte. Det summande pratet og den lune stemninga vitna om eit bygdatreff som gav både påfyll, fellesskap og glede. Bygdatreffet fortset å vera ein viktig møteplass i bygda – ein stad der historie, kultur, musikk og gode samtalar får plass. Dei neste bygdatreffa er onsdag 28.januar og onsdag 25.februar.





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15



Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule.
Inngang ved den gamle naturfagsalen,
i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel
tlf. 56 16 21 42 / 56 16 20 00
Sætremarka 2,
5943 Austrheim

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson
tlf. 966 26 656
Sætremarka 2,
Mandag onsdag og torsdag

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

tlf. 56 16 82 00

Telefontid

Måndag til fredag:

kl. 08.30 - 12.00 og kl. 13.00 - 14.00

Torsdag kl. 09.00 - 12.00

og 13.00 - 14.00

AUSTRHEIM HELSESTASJON

Opningstid: kl. 08.30 - 15.00

Helsesjukepleiar tlf. 56 16 82 11

Psykisk helse tlf. 56 16 82 13

Jordmor er å treffe på
Austrheim tysdag og onsdag.

Tilgjengeleg på telefon måndag
- fredag, tlf. 453 55 034

TELEFONNUMMER I PLEIE- OG OMSORG:

Nordliheimen: 46 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Heimesjukepleien:
56 16 21 25

Tildelingstenesta:
56 16 21 42/ 56 16 20 00



Gudsteneste for alle

Den siste tilrettelagde gudstenesta for året vart ei samling fylt av varme, forventning og ekte juleglede. I ei travel førjulstid er desse samlingane eit høgdepunkt for mange – ein stad der alle kan delta, kjenna seg heime og vera ein viktig del av fellesskapet.

Det var tydeleg at mange kosa seg med å spela ut historia. Og då “Maria” fekk Jesusbarnet i armene, kom augneblinken som rørte alle i rommet: nokre stille tårer fra hennar auge. Den ekte kjensla og innleving gjorde julespelet til noko heilt spesielt.

Me song gode, gamle julesongar som alle kunne vera med på.



Adventskransen vart tent, og me fekk høyra forteljinga om den aller første julekvelden – ei historie som aldri sluttar å røre, inspirere og samle oss.

Ingen Gudsteneste for alle er komplett utan ein god avslutning rundt bordet. Denne gongen vart det servering av bollar, peparkaker, klementiner og saft – ein perfekt kombinasjon av jul og hygge. Latter, prat og musikk fylte rommet, og mange vart sitjande lenge for å nyta stemninga.

Ei stor takk til alle som var med og bidrog, både dei som deltok i julespelet, dei som hjelpte til med førebuingar, og alle som kom for å vera ein del av fellesskapet. Gudstenesta vart ei varm påminning om kva julas bodskap handlar om: glede, fellesskap og lys i mørket.



Austrheim hagelag



DET NORSKE
HAGESELSKAP

Program våren 2026:

- 26. mars kl 18: Hagekveld - plantesal og foredrag v/Rolf Eide, på Austrheim vgs
- 16. april kl 19: Hagekveld - sopp og soppdyrking, på Austrheim folkebibliotek
- 5. mai kl 17: Dugnad på kolerakyrkjegarden, Austrheim
- 30. mai kl 12-15: Planteloppemarknad, ved Mastrevik torg
- 27. juni kl 15: Hagevandring hos Anne Lise og Gunnar, Lagmannsneset, Austrheim

Nærare informasjon kjem ved oppslag og på Facebook/Instagram
- Tina Fønnes, leiar Austrheim hagelag



Pensjonistforbundet Austrheim

ÅRSMØTE - MEDLEMSMØTE Onsdag 18.2.

**Pensjonistforbundet har årsmøte på SENIORSENTERET
onsdag 18. februar kl. 14.00.**

•Vanlege årsmøtesaker.

Etter årsmøtet ber vi medlemmene kome med innspel og idear om kva tema og innslag dei ynskjer på medlemsmøta.

Barnekoret «TIRILTUNGE» vil syngje. Det blir servert kaker og kaffi/te til den gode praten rundt borda.

Årsmøtet er gratis med gode kaker og kaffi/te.

For å berekne maten, ber vi om påmelding via Vipps til nr. 859233. Har du ikkje Vipps, påmelding på mobil 993 71 995.

Velkommen til hyggelig sosialt samvær og prat!

